



Heio under cupen i fjor haust. (Foto: Magnhild Haugland)

Heio Cup har vorte ein fast tradisjon i Uskedalen først i september kvart år. Årets cup vert arrangert neste søndag, 2. september, og då ligg det på nytt an til folkefest på Heio.

I år er det påmeldt 33 lag. Det betyr at mellom 250 og 300 unge fotballspelarar vil vera i aktivitet i turneringa denne søndagen. Spelarane, både gutar og jenter, er fødd i åra frå og med 1997 til og med 2000. Frå Uskedalen deltar 2 lag.

Odd Steinar Arnesen er hovudansvarleg for arrangementet dette året, og han fortel at deltakartalet har vore om lag på dette nivået dei siste åra.

- No jobbar eg med kampoppsettet, og det er litt av eit puslespel. Kvart lag skal spela tre kampar, og det er eit mål at kampane ikkje må verta for spreidd. Vi håpar at laga skal få dei innanfor maksimum tre timar, kan Heio Cup-generalen fortelje ei veke før det vert sparka i gang, og han seier vidare at for å klara dette må kampane føregå på fire banar samstundes.

På Heio Cup er absolutt alle deltakarane vinnarar. Det er ei god oppleving for dei, og som eit synleg bevis får alle både pokal og diplom.

Det er som vanleg venta stor publikumstilstrøyming på dette arrangementet, og turngruppa har ansvaret for kiosksalet. Dei legg opp til eit rikholdig utval slik at alle skal kunna kosa seg ekstra godt.

Tekst: Thor Inge Døssland